

# Bustadblokka

## Eg vil bli

I denne filmen møter vi Gunnhild, foreldra hennar og storebror ein dag Gunnhild skal ut og treffe den nye kjærasten. Filmen handlar om kjønnsroller og likestilling i familien og kva forventningar og haldningar som er knytte til barna sitt utdanningsval, kjærastar og plikter når det gjeld husarbeid.

## Oppgåver

- Jenter og gutar kan av og til bli forskjellsbehandla av foreldra.**
  - På kva måte blir Gunnhild og Henrik behandla ulikt av foreldra?
  - Kvifor trur du at mora er meir oppteken av å møte Gunnhilds kjærast enn ho har vore av å møte Henriks kjærastar?
  - Kva erfaringar har du når det gjeld foreldre som behandlar søner og døtrer ulikt i samband med kjærastar, arbeidsoppgåver heime, val av utdanning og kor lenge dei får vere ute om kvelden?
- På kva måte spelar ungdommar ulike roller heime hos familien sin og ute blant venner / på skulen?**
- I ungdomsåra er val av yrke ei sentral problemstilling.**
  - Kva kan grunnane vere til at foreldra ikkje liker at Gunnhild vil bli frisør?
  - Korleis synest du at foreldre skal gi råd om yrkesval til barna sine?
- Dei fleste problema ein opplever som homofil eller bifil, er gjerne knytte til faktorar rundt legninga, som korleis det vil vere å ha ein kjærast, korleis familie og venner vil reagere, og korleis ein skal stå fram.**
  - Lag eit rollespel og spel scenen vidare: «Gunnhild presenterer kjærasten sin for foreldra.»
  - Kva synest du om måten Gunnhild lét familien få vite om at ho har ein jentekjærast, på?
  - Dersom du har ein kjærast av same kjønn, tenkjer dei fleste at du må vere homofil eller lesbisk. Men Gunnhild kan også vere bifil eller ho kan vere i ein fase der ho ikkje heilt veit kva ho er. Korleis kan Gunnhild formidle sine tankar rundt dette til foreldra?
  - Ein gut i klassen din er redd for å fortelje foreldra sine at han er homofil. Kva råd ville du gitt til denne guten?
  - Sports- og innvandarmiljø blir ofte nemnde som stader der det er spesielt vanskeleg å vere homofil. Kva kan vere grunnen til at sportsmiljø er meir diskriminerande enn andre miljø? Og kva kan vere grunnen til at innvandarmiljø er meir diskriminerande enn andre miljø?

## Lenkjer

Kjønnsroller [ndla.no/nb/node/5126](https://ndla.no/nb/node/5126)

Homofil [www.ung.no/homofil](http://www.ung.no/homofil)

Ungdomsorganisasjon for lesbisk, homofil, bifil, transpersoner og andre skeive [www.skeivungdom.no](http://www.skeivungdom.no)

LHBT-senteret [www.lhbt.no](http://www.lhbt.no)

Homofil eller lesbisk? [www.ungdom.psykisk.no/ungdom/sliter-du /homofil-eller-lesbisk](http://www.ungdom.psykisk.no/ungdom/sliter-du/_homofil-eller-lesbisk_)

Yrkesvalg [www.ung.no/yrkesvalg](http://www.ung.no/yrkesvalg)

